



Retningslinjer for bruk av Kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre kommune:

TILSKOT LANDBRUK

Saknr.	Utval	Vedtatt	Gjeld frå
052/26	Kommunestyret	18. juni 2026	18. juni 2026

Generelt:

I Vestre Slidre er det eit godt og aktivt landbruksmiljø. Landbruket i kommunen er i hovudsak basert på grasressursar, der drøvtyggjarar dominerer dyretalet. Fjellbeite og fjellressursar er ein viktig del av kommunen sitt areal og ved å ha drøvtyggjande dyr kan ein utnytte det meste av arealet i kommunen til landbruk.

Vestre Slidre kommune ser betydninga av landbruket som næring, og dette er ei tilskotsordning for landbruksnæring med midlar frå Kraft- og næringsfondet.

1 Grunnlag

Vedtektene for Kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre legg grunnlaget for desse retningslinjene som gjeld tilskot til næringsformål kommunen.

2 Avkastning og tilskotsmidlar

I § 1 i Vedtekter for bruk og forvaltning av kraftfond i Vestre Slidre Kommune framkjem kapital og avkastning som er tilgjengelege midlar og inntekter til kraftfondet. Frå 2025 vart Kraft- og næringsfondet slått saman. Tilgjengelege tilskotsmidlar fylgjer av budsjettvedtak for inneverande år. Årleg sum bør ikkje overstiga kr 500 000 med mindre særlege omstende talar for at summen vert auka. Fondskapital på kr 600 000 er urørleg.

3 Føremål

Tilskot frå Kraft og næringsfondet skal vera med å styrkja utvikling og omstilling i etablerte næringsverksemdar i kommunen og medverke til nyetablering og nyskaping.

Kraft- og næringsfondet skal først og fremst nyttast til å oppfylle måla i *Kommunedelplan for busetting og næringsutvikling*.

Tilskot frå Kraft- og næringsfondet kan gå til verksemdar som driv landbruksnæring i Vestre Slidre. Tilskot til anna næring er omfatta av tilskotsordninga for NÆRING og er ikkje omfatta her.

4 Kven kan søkje og når ein må søkje.

For å kunne søkje tilskot må føretaket drive aktivt jordbruk eller skogbruk, og oppfylle krava for produksjonstilskot i jordbruket. Søknad må sendast før prosjektet startar fysisk, eller endeleg bestilling er gjort.

5 Tiltak ein kan søke om, i prioritert rekkefølge:

5.1 Bygg og teknikk

Investering i nybygg, ombygging, gjødselkum og modernisering av driftsbygningar.

Restaurering og modernisering av teknisk utstyr(I-mek) kan det og søkjast om, men ikkje vedlikehald av driftsbygningar. Vanleg vedlikehald som ikkje endrar fasadar innvendig eller utvendig kan ikkje omsøkjast.

Tilskot:

- Inntil 10 % av kostnadene opp til dei første 300 000 kr
- Deretter 5 % av overskytande beløp
- Maks tilskot: 200 000 kr

Tilskotet kjem i tillegg til eventuelle tilskot frå Innovasjon Noreg eller andre ordningar.

5.2 Støl og driftstiltak

Investeringar på stølen, som aggregat, straum og nødvendig vassforsyning knytt til mjølkeproduksjon.

For kjøtproduksjon (sau, geit, storfe) kan det søkjast om støtte til løysingar knytt til drift og dyrevelferd på utmarksbeite/stølen.

Tilskot:

- Inntil 10 %
- Maks støtte: 30 000 kr

5.3 Istandsetjing av dyrka mark

Istandsetjing av tidlegare dyrka mark som er drivverdig og køyrbar med dagens haustingsutstyr. Ein forventar at dette tiltaket gje ei god avlingsmengd.

Tilskot:

- Inntil 10 %
- Maks støtte: 30 000 kr

5.4 Nydyrking

Kommunen er positiv til oppdyrking av nye areal. Søknad må sendast før tiltaket startar, og ein må ha eit godkjend prosjekt.

Søknad skal sendast i denne lenka hjå Landbruksdirektoratet:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/ordninger-for-eiendom/soke-om-nydyrking>

Tilskot:

- Inntil 10 %
- Maks støtte: 30 000 kr

5.5 Virtuelle gjerde og sporing

Føretak utanfor UKL-Stølsvidda kan søkje om tilskot til virtuelle gjerde eller elektronisk sporing. Tilskot følgjer dei årlege retningslinjene i handlingsplanen for UKL-Stølsvidda.

5.6 Kjøp av mjølkekvote.

Vestre Slidre kommune ser det som ein verdi med mjølkekvoter i kommunen, av den grunn ynskjer ein å støtte kjøp.

Tilskot:

- Tilskot på kr 1,00 per liter
- Maks støtte: kr 100.000

Dette tiltaket er for kjøp av kvote på det fri marknaden og ikkje kjøp av staten.

6 Krav til søknaden om tilskot

Søknaden skal innehalde desse elementa:

- Prosjektbeskriving med desse elementa:
 - Beskriving av prosjektet.
 - Framdriftsplan.
 - Kva har dette å seie for framtida og økonomien for føretaket.
 - Korleis er dette meint finansiert.
- Kostnadsoverslag.
- Eventuelle teikningar der det er relevant.

Tildeling av tilskotet blir rekna ut frå kostnadsoverslaget til tiltaket, men ved utbetaling av tilskotet er det dei faktiske kostnadane ved sluttrapportering utan mva som gjeld.

Tiltaket det er søkt tilskot om har ein arbeidsfrist på 3 år frå tiltaket ble igangsett til ferdigstilling og sluttrapportering.

7 Innsending av søknad og søknadsfrist

Søknaden skal sendast på e-post til post@vestre-slidre.kommune.no og merkast «Landbruksavdelinga».

Søknadsfrist er 1. mai og 1. oktober kvart år.

8 Opphøyr av drift

Om drifta på føretaket opphøyrer før det har gått 5 år etter utbetalt tilskott vil ein krevje tilbake noko av summen ut frå følgjande tabell:

Avvikla før 1 år har gått	Heile summen attendebetalast
Avvikla før 2 år har gått	80 % av summen attendebetalast
Avvikla før 3 år har gått	60 % av summen attendebetalast
Avvikla før 4 år har gått	40 % av summen attendebetalast
Avvikla før 5 år har gått	20 % av summen attendebetalast
Avvikla etter 5 år har gått	Inga attendebetaling

9 Ved lite midlar

Ved lite midlar stiller nye søkjarar før i køa enn dei som har fått frå ordninga tidlegare. Dersom det er att midlar på kommunen sitt Utviklingsfond, kan formannskapet vedtaka at midlar kan hentast der, utfrå ei konkret vurdering av saka.

10 Sakshandsaming

Administrasjonen førebur saka etter gjeldande retningslinjer. Formannskapet treff vedtak og kommunestyret er klageinstans.

11 Bagatellmessig støtte

Maksimalt offentlig tilskot til ei og same bedrift vert regulert etter EØS sine gjeldande reglar for bagatellmessig støtte (pr 01.06.2026 er dette EUR 300 000,- innanfor ei tidsramme på 3 år).

Tilskot blir registrert i Støtteregisteret i samsvar med regelverket for dette, jf [Bagatellmessig støtte - regjeringen.no](#).